



Kjersti Alver  
Buheim 21  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3881 - 19/3568

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
31.01.2019

## Løyve til frådelling av ny grunneigedom - gbnr 137/7 Alver

**Administrativt vedtak:** Saknr: 078/19

Heimelshavar: Kjersti Alver

Søkjjar:

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådelling av omlag 31 976 m<sup>2</sup> frå gbnr. 137/7 Alver. Arealet som skal delast frå omfattar del av område for offentleg og privat tenesteyting merka BOP3, del av område for grøntstruktur merka G4, område for grøntstruktur merka G5 og gang- og sykkelveg merka (o\_SGS3).

Søknaden om frådelling er ledd i arbeidet med å ervera areal til ny Alversund skule med tilhøyrande anlegg. Lindås kommune er kjøpar.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 27.12.2018 med tilleggskommentasjon journalført mottatt 31.01.2019.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 31.01.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Den nye parsellen ligg innafor området som er omfatta av Alversund områderegeringsplan, plan-id 1263-200902. Arealet omfattar del av arealføremålet BOP3, G4, G5 og o\_SGS3. Del av området ligg innanfor faresone for ras- og skredfare (H310).

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plangrunnlaget og krev ikkje dispensasjon.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 04.12.2018.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen skal knytast til offentleg vass- og avløpsanlegg i samsvar med plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

#### **Tilkomst, avkøyrsløp og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig i samsvar med pbl. § 27-4. Tilkomst til eigedomen følgjer av områdereguleringsplanen.

### **VURDERING**

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Delar av arealet som skal delast frå ligg innanfor omsynssone for ras- og skredfare (H310). Multiconsult har gjennomført skredfarevurdering av området, jf. rapport datert 08.11.2018. Undersøkingane har identifisert at området sørvest for Buhøyen kan rammast av steinsprang. Rapporten konkluderer med at dersom det skal utførast sprenging i området som kan gje skjeringar med fare for nedfall så må det etter forskriftene i plan- og bygningslova gjerast eigne geologiske vurderingar i forhold til bergstabilitet og trong for sikring i utsprengte skjeringar. Det vert vurdert at frådelling av arealet kan gjennomførast slik det er søkt om.

#### **Vurdering av pbl § 26-1**

Oppretting eller endring av grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det føl vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Søknaden om frådelling er ledd i arbeidet med å erverva grunn for å byggja ut ny Alversund skule med tilhøyrande anlegg. Frådellinga er i samsvar med arealføremål i vedtatt områdereguleringsplan.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er vist i situasjonsplan datert 04.12.2018.

#### **Konklusjon**

Kommunen gjev løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 31 976 m<sup>2</sup> frå gbnr. 137/7.

### **VEDTAK**

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 31 976 m<sup>2</sup> frå gbnr. 137/7 på følgande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 04.12.2018, jf. pbl. § 29-4.

**Nøyaktig storleik på areal** vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

*Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Oppmåling**

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtala lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune v/  
Eigedomsavdelinga

Felles postmottak 5914  
Kvernhusmyrane 20

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Kjersti Alver

Buheim 21 5911

ALVERSUND